



Saksframlegg

Søknad om etablerartilskot - Skomedal Service, Kristian Sølyst Skomedal

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		01.10.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

- Søknad frå Kristian Sølyst Skomedal om tilskot til etablering av Skomedal Service, dagsett 08.09.2025.
- Reglar for bruk av næringsfondet- Ksak 2015-631

Vedlegg

- 1 Søknad om tilskudd - etableringsstøtte Skomedal Service.pdf

Bakgrunn for saka:

Kristian Sølyst Skomedal har etablert Skomedal Service, og ynskjer å gjere dette til ei fulltids verksemd. Verksemda skal utføre eit breitt spekter av tenester; maskinarbeid, snekring, bilpleie, bistand med arrangement m.m. Skomedal søker no næringsfondet om kr. 40 000,- i etablererstøtte for marknadsføring og profilering av verksemda, samt innkjøp av arbeidstøy, sikkerheitsutstyr og verktøy for å kome i gang med verksemda.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal legge til rette for næringsutvikling ved å legge til rette for berekraftige og grønne arbeidsplassar, samt reglar for bruk av næringsfondsmidlane vedteke av kommunestyret i Fyresdal 28.01.2016 – sak 2015/631.

Kristian Sølyst Skomedal etablerte sitt eige firma attende i 2021, for å ha eit ryddig tilhøve til sine kundar. Fram til i dag har Skomedal kun tatt på seg mindre jobbar innan bilpleie og vaktmeisterstenester, på sida av studie, arbeid og militærteneste. Skomedal avslutta militærteneste våren 2025, og satsar no for fullt med Skomedal Service for å ha dette som arbeidsplass i åra som kjem. Skomedal har tileigna seg mykje erfaring og kompetanse gjennom sitt fagbrev som bilmekanikar, militærteneste med fokus på tyngre køyretøy (sertifikat kl. C, bergingskurs, sertifisering innan løfteutstyr/kran, arbeidsvarslingskurs m.m.), og fleire kurs og sertifikat innan bilpleie. Skomedal har ikkje tidlegare motteke tilskot frå Fyresdal Kommune.

Skomedal ynskjer å starte forsiktig, med mindre investeringar, for å skape ei plattform å byggje vidare på. Ved etablering av slik verksemd, med eit mangfald av tiltenkte oppgåver/oppdrag, er det viktig å nytte oppstarten til å sjå kva ein ynskjer å satse på, og posisjonere seg i marknaden. På sikt ynskjer Skomedal å knytte fleire til si verksemd, og på den måten skape arbeidsplassar og verdiskaping lokalt.

Det er prisverdig at Skomedal etter å ha testa ut forretningsidéen i mindre skala, på sida av utdanning og militærteneste, no ynskjer å gjere dette til ein fulltids jobb, lokalisert i Fyresdal. Mange ungdom nyttar høve til å jobbe offshore eller på anlegg, med faste arbeidstilhøve og god inntekt. Fyresdal treng ungdom som Skomedal, med tru på at det er mogleg å skape eigen arbeidsplass i Fyresdal, for å drive med det ein ynskjer og har tru på. Slik grundertanke er viktig for å skape eit miljø, og kanskje skape tilsvarande engasjement hjå andre med tilsvarande tankesett.

Som Skomedal skriv i sin søknad, kan det på sikt også vere aktuelt å investere i eigedom og utstyr for å styrkje verksemda, og på denne måten skape arbeidsplassar til fleire i Fyresdal. Med bakgrunn i erfaring og kompetanse bør Skomedal vere godt rusta til å ta på seg dei tiltenkte oppgåvene, og kunne gjere dette til ein solid arbeidsplass i åra som kjem.

Konklusjon:

Fyresdal treng ungdom som ser moglegheita i å etablere seg i kommunen med eige verksemd. Mange etterspør tenestene Skomedal Service tilbyr, og Skomedal har erfaring og kompetanse til å utføre tenestene på ein sikker og god måte. Det kostar å etablere eiga verksemd, særleg marknadsføring, heimeside og profilering, men og utstyr som trengs for å kome i gang. Etablerartilskotet frå næringsfondet er nettopp meint som eit stimuli for starte opp verksemda, og med det kunne dekke kostnader ved oppstart. Ved å innvilge søknaden frå Skomedal Service vonar ein å kunne gje Skomedal inspirasjon til ein god oppstart av firmaet, og med det syne at Fyresdal kommune set pris på denne type etableringar.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune løyver kr 40 000,- i etablerartilskot til Skomedal Service (org.nr 927 447 843) v/Kristian Sølyst Skomedal. Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond, som etter denne løyvinga står att med 192 000,- på fondet.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef